



## Rutine for gjennomføring av munnleg og munnleg-praktisk eksamen 10.trinn i kompetanseregion Sogn

Vedteke av skulefagleg ansvarlege i kompetanseregion Sogn i møte 28.oktober 2022.

**Formål med eksamen:** «Alle sluttvurderinger skal gi informasjon om kompetansen til eleven, lærlingen og lærekandidaten ved avslutningen av opplæringen i faget, jf. forskrift til opplæringsloven (heretter forskriften) § 3-17. For eksamen er det i tillegg et krav at den skal organiseres slik at elevene og privatistene får vist kompetansen sin i faget, jf. forskriften § 3-25.» <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/vurderinger-og-anbefalinger-fremtidens-eksamen/3-eksamens-formal-og-roller-i-sluttvurderingen/#3.1-formal-med-eksamen>

Sett i lys av formålet med eksamen har me utarbeida felles rutinar for vår region:

### **Førebuing og gjennomføring av munnleg og munnleg-praktisk eksamen**

- 1 Rektor syter for at elevane og lærarane vert gjort kjende med eksamensreglementet seinast ved oppstart i 10.klasse:

<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/muntlig-eksamen/>

- 2 Det kan ikkje gjennomførast munnleg-praktisk og munnleg eksamen med førebuingstid på måndagar, eller første dag etter offentleg heilagdag eller høgtidsdag.
- 3 Faglærar har ansvaret for å utarbeida fagrappoart og tema/problemstillingar i eksamensoppgåvane.
- 4 Sensorar skal ha tilfredsstillande kompetanse i faget, jf. forskrift til opplæringslova § 3-28.
- 5 14 dagar før eksamen: Faglærar vert informert om trekkfag. Sensor får beskjed om trekkfag og kva skule hen skal sensurera ved. Sensor får fagrappoarten. Faglærar etablerer kontakt med sensor og saman drøftar dei tema/problemstilling, hjelpemiddel, vurderingskriterium og gjennomføringa av sjølve eksamen.

- 6** 48 timer før eksamen får eleven opplyst kva fag hen skal opp i. Eleven må gjerast kjend med kriteria for vurdering.
- 7** 24 timer før munnleg eksamen får eleven opplyst tema/problemstilling. For munnleg-praktisk eksamen får eleven opplyst tema/problemstilling 48 timer før eksamen.
- 8** Etter at eleven har fått opplyst kva fag hen skal ta eksamen i, vert tida nytta til førebuing der lærar er tilgjengeleg. Førebuingsdagane er obligatoriske der lærar kan svare på spørsmål og rettleia. Det skal ikkje vera undervisning på førebuingsdagane.
- 9** Faglærar som utarbeider eksamensoppgåva avgjer om eksamen kan gjennomførast med hjelpemiddel, og kva for hjelpemiddel som er tillatne i faget. Tilgang til eller avgrensing i digitale eller andre former for hjelpemiddel til eksamen, bør grunngjenvæst ut i frå kompetansemåla i læreplanen, faget sitt eigenart, faget sitt nivå og eventuelle nye digitale oppgåveformat. Elevane kan ha med notat frå førebuingsdelen under eksamenssamtalet.

**10** På eksamensdagen møtest sensor og faglærar i god tid før eksamen tek til.

**11** På eksamensdagen møter eleven minimum 15 minutt før eksamen tek til.

**12** Tidsramme for eksamen:

Munnleg eksamen: inntil 30 minutt per kandidat

Munnleg-praktisk eksamen: inntil 45 minutt per kandidat

**13** Det er fleire relevante måtar for eleven å vise kompetansen på. Dette bør også tilpassast faga. Eleven avgjer sjølv om hen ønskjer å bruka ein presentasjon som utgangspunkt. Om eleven vel å bruka datautstyr, skal hen vera budd på å gjennomføra eksamen om noko skulle svikta reint teknisk.

**14** Om ein vel å nytta lyttetekstar/lyttemateriell til eksamen i engelsk eller framandspråk, kan dette anten vera ein del av førebuingsmateriellet som elevane får 24 timer før eksamen, og/eller det kan inngå som ein del av sjølve eksamen som varer inntil 30 minutt. Ein lytteprøve skal ikkje gjevast i tillegg til gjennomføringa av eksamen, t.d. 30 minutt før eksamen byrjar.

**15** Eleven må få moglegheit til å syna breiast mogleg kompetanse i faget. Det vert elles vist til Utdanningsdirektoratet sine generelle retningslinjer for munnleg eksamen:

[Regler for muntlig eksamen og muntlig-praktisk eksamen \(udir.no\)](http://www.udir.no)

- 16** Under eksamen er det to sensorar; ekstern sensor og faglærar som lokal sensor. Sensorane samanliknar ikkje kandidatane, vurderinga er individuell. Det er kompetanseområda som er grunnlaget for vurderinga av fagkompetanse til eleven og utgangspunkt for utvikling av kriterium for vurdering av eksamen. Det er berre prestasjonen på eksamen som tel, ikkje førebuinga. Ved eventuell usemje om vurderinga avgjer ekstern sensor karakteren.
- 17** Faglærar er eksaminator og styrer samtalen, men ekstern sensor kan ta del i samtalen eller stilla oppklarande spørsmål. Sensorane skal leita etter den kompetansen eleven har, og ikkje leita etter det eleven ikkje kan.
- 18** Det må setjast av tid til å fastsetja karakteren etter kvar eksaminasjon. Eleven skal få opplyst karakteren med ein gong etter eksaminasjon.
- 19** Elevar skal ikkje hindra eller forstyrra gjennomføringa av eksamen. Dersom åtferda til ein elev er i strid med denne føresegna, forskrift til opplæringslova § 3-33, kan eleven etter å ha blitt åtvara, visast bort av rektor.
- 20** Klage. Det kan berre klagast på formelle feil som kan ha hatt noko å seia for resultatet, jf. forskrift til opplæringslova § 5–10. Sensor må ta vare på dokumentasjon (notat) frå eksamen til etter at klagefristen er ute (10 dagar).